

«Magemigrene»-kalender

Migrene er ein tilstand med gjentakande og like anfall med kraftig hovudepine kombinert med ulike andre symptom. Mellom anfalla er ein utan plager frå tilstanden.

Det finst to andre tilstandar hos barn som liknar på migrene, men der er magesmerter eller oppkast hovudsymptoma. Tilstandane er abdominal migrene og syklisk oppkast-syndrom.

Abdominal (mage) migrene (AM) er gjentatte og like anfall med svært sterke magesmerter kombinert med kvalme, oppkast, hovudepine, manglande appetitt eller ubehag for lys. Anfalla varer frå timar til dagar. Innimellom anfalla er ein frisk av plagene, og det går vanlegvis veker og månedar mellom anfall.

Syklisk oppkast syndrom (CVS) er gjentatte og like (stereotype) anfall med plutselig kvalme og oppkast som varer frå timer til dagar. Anfall oppstår ofte om natta. Mellom anfalla er ein frisk av desse plagene, og det går vanlegvis veker og månedar mellom anfall.

Loggfør anfall

For å sjå likheit og forstå samanhengen mellom anfall er det lurt å føre «magemigrener»-kalender som ein kan vise til legen for å hjelpe å stille diagnose og planlegge behandling.

[illegible]